



Saksframlegg

Endring av lokal forskrift om forvaltning av bever, Fyresdal kommune

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for plan og miljø		13.05.2025
Kommunestyret		15.05.2025

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

- Forskrift om jakt- og fangsttider samt sanking av egg og dun for jaktseongene fra og med 1. april 2022 til og med 31. mars 2028 (jaktidsforskrifta) Lovdata - nasjonal forskrift.
- FOR-2018-12-13-2258 Forskrift om tilgang til jakt og fangst av bever, Fyresdal kommune, Telemark Lovdata - lokal forskrift.
- Forslag til revidert forskrift om tilgang til jakt og fangst av bever i Fyresdal kommune.

Vedlegg

- 1 Saksprotokoll møte Plan og Miljø - Endring av lokal forskrift om forvaltning av bever, Fyresdal kommune
- 2 Forslag til revidert forskrift om tilgang til jakt og fangst av bever i Fyresdal kommune

Bakgrunn for saka:

Forvaltning av bever i Fyresdal er heimla i FOR-2018-12-13-2258 «Forskrift om tilgang til jakt og fangst av bever, Fyresdal kommune, Telemark», vedteken i kommunestyret i sak 88/18, saksnummer 2017/1374.

Lokal jakttid er fastsett til 01.10. – 30.04., same som dei nasjonale jaktidsrammene fastsett i «Forskrift om jakt- og fangsttider samt sanking av egg og dun for jaktseongene fra og med 1. april 2022 til og med 31. mars 2028» (jaktidsforskrifta).

Sno og is i vassdraga vanskeleggjer ofte ei bestandsmessig forsvarleg forvaltning innan ordinær jakttid. Det fyljer av jaktidsforskriftas §3 at kommunen kan utvide jakttida for bever med inntil 15 dagar i etterkant for heile eller deler av kommunen der is- og snøforhold vanskeleggjer ei bestandsmessig forsvarleg forvaltning innan ordinær jakttid.

Moglegheita til å utvide jakttida må heimlast i lokal forskrift, og ein ser difor behov for revisjon av gjeldande forskrift, for å ha moglegheit til å tillate utvida jakttid.

Saka var til handsaming i Hovudutval for plan og miljø 11.03.2025, der det vart vedteke å sende forslag til revidert forskrift på høyring til relevante instansar. Saksutgreiinga frå 11.03.25 ligg ved saka. Det kom ikkje innspel til forslaget, og saka med forskrift leggjast difor fram for utval og kommunestyre for endeleg vedtak.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Strategi for areal, klima og miljø - Fyresdal kommune skal forvalte og nytte areal og utmarksressursane på ein berekraftig måte.

Fram til 2017 måtte kvar einskild jeger søkje kommunen om løyve til jakt og fangst av bever. I handsaming av desse sakene kunne ein gje løyve til utvida jakttid i same vedtak (løyve). I 2017 vart det endring av nasjonal lovverk, med overføring av meir mynde til kommunen. Kommunen måtte då utarbeide ny lokal forskrift for forvaltning av bever. Dette vart altså gjort i 2018, K-sak 88/18.

Fyresdal har sidan 2018 hatt eiga forskrift for forvaltning av bever i kommunen. Forskrifta opnar for kvotefri jakt, utan søknad til kommunen. Rapportering etter end jakt går direkte til Miljødirektoratet og SSB, for jaktåret 2022-2023 var uttaket av bever i Fyresdal kun 10 dyr. Mykje av årsaka til det låge fellingstalet, er at det innanfor ordinær jakttid ligg is og sno i vassdraga, og at beveren då er vanskeleg å jakte på. For å imøtekomme problemstillinga er det opna for at kommunen kan gje forskrift om utvida jakt til og med 15. mai. Dette vart ikkje gjort i gjeldande forskrift for jakt på bever i Fyresdal, og ein har difor ikkje hatt moglegheit til å jakte bever etter 30.04 utan særleg vedtak frå kommunen.

For å sikre ei god forvaltning av bever i Fyresdal, og gjere jakta meir føreseieleg for jaktutøvinga, ser ein behov for å implementere utvida jakttid i gjeldande forskrift. I forslag til forskrift §4 kan jakttida «...*etter søknad* utvidast med 15 dagar, frå og med 01. mai til og med 15. mai.». Det må altså søkjast kommunen om løyve til utvida jakttid, og slikt vedtak skal gjerast med vurdering av viltlova, naturmangfaldlova, samt gjeldande is- og snotilhøve det einskilde året. Med ein mild og tidleg vår, der beveren er tidleg ute av hiet, vil ein med andre ord ikkje innvilga løyve til utvida jakt.

Utval for plan og miljø var samde i vurderingane, og vedtok å sende forslag til forskrift på høyring til relevante instansar. Saka har ligge ute til høyring i 6 veker, det har ikkje kome innspel til saka i denne perioden.

Saka er lite kontroversiell, då utvida jakttid *før* 2017 kunne innvilgast saman med utskrift av ordinært løyve. I 2017 vart det ved utarbeiding og vedtak av ny lokal forskrift i 2017, ikkje fanga opp at kommunen måtte ha heimel i forskrift for å kunne gje løyve til utvida jakttid. Dette vert no formalisert ved innføring av revidert forskrift.

Konklusjon:

For å sikre ei god forvaltning av bever i Fyresdal, og samstundes gjere forvaltning av bever meir føreseieleg for jaktutøvarar, rår ein til å innføre revidert forskrift om forvaltning av bever i Fyresdal, der moglegheit for utvida jakttid er implementert i forskrifta.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Med heimel i lov av 29. mai 1981 nr. 38 om jakt og fangst av vilt (viltlova) § 9 og forskrift av 15. mai 2017 om forvaltning av bever § 3, innfører Fyresdal kommune revidert forskrift om tilgang til jakt og fangst av bever i Fyresdal. Forskrifta trer i kraft straks, og erstattar forskrift av 13. desember 2018 nr. 2258 om tilgang til jakt og fangst av bever, Fyresdal kommune, Telemark.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Aslak Momrak-Haugan
	skogbrukssjef